

Vedlegg

Høyringsnotat – endringar i utlendingslova som følgje av endra strafferammer i ny straffelov

Innhald

1.	Innleiing.....	2
2.	Gjeldande rett	2
2.1	Utlendingslova.....	2
2.2	Utlendingsforskrifta.....	2
3.	Departementet si vurdering	3
3.1	Spørsmål om å fjerne terskel på tre månaders fengsel	3
3.2	Bortvising	4
3.2.1	Utlendingslova § 17 første ledd bokstav g	4
3.2.2	Utlendingslova § 17 første ledd bokstav h	5
3.3	Opphald i samband med arbeid eller studiar	5
3.3.1	Utlendingslova § 27 b andre ledd	5
3.4	Utvising	5
3.4.1	Utlendingslova § 66 første ledd bokstav c.....	5
3.4.2	Utlendingslova § 66 første ledd bokstav b	6
3.4.3	Utlendingslova § 67 første ledd bokstav b	6
3.4.5	Utlendingslova § 67 første ledd bokstav a.....	7
3.4.6	Utlendingslova § 68 første ledd bokstav b	8
3.4.7	Utlendingslova § 68 første ledd bokstav a.....	9
3.5	Tvangsmiddel	9
3.5.1	Utlendingslova § 100 andre ledd.....	9
3.5.2	Utlendingslova § 105 første ledd bokstav c.....	10
3.6	Utlendingsforskrifta § 14-2 – varig innreiseforbod.....	10
3.7	Nye straffebed i straffelova 2005	12
4	Økonomiske og administrative konsekvensar	13
5	Forslag til lovendingar	14

Vedlegg

1. Innleiing

Straffelova av 2005 skal etter planen tre i kraft 1. oktober 2015. Dette inneber at ei rekkje lovbrot får endra strafferammer samanlikna med straffelova av 1902. Dette har tyding for visse reglar i utlendingslova og utlendingsforskrifta, der strafferamma har tyding for kva for utlendingsrettsleg konsekvens lovbrotet får. Til dømes vil dei endra strafferammene innebere at visse lovbrot som i dag vil kunne danne grunnlag for utvising etter utlendingslova § 66, ikkje lenger vil gjere det. Omvendt vil visse lovbrot som i dag *ikkje* dannar grunnlag for utvising, kunne gjere det ved ikraftsetjing av ny straffelov.

Føremålet med dette høyringsbrevet er å vurdere om dei relevante reglane i utlendingslova og utlendingsforskrifta bør justerast, for å sikre at dei omfattar dei lovbrota som er naudsynte og hensiktsmessige.

På denne bakgrunn foreslår departementet endringar i utlendingslova § 17 første ledd bokstav g om bortvising, § 27 b andre ledd om karantenetid for vertsfamilie til ein au pair og § 66 første ledd bokstav c om utvising, jf. punkt 5 nedanfor.

Dette høyringsbrevet gjeld berre spørsmålet om endringar i utlendingslova pga. nye strafferammer, ikkje andre endringar som følgje av at ny straffelov skal tre i kraft. Ei rekkje endringar i utlendingslova vart vedtekne saman med straffelova 2005. Vidare sendte Justis- og beredskapsdepartementet 17. juni 2014 på høyring eit forslag til lov om ikraftsetjing av straffelova 2005, som mellom anna inneheldt oppdaterte forslag til endringar i utlendingslova.

2. Gjeldande rett

2.1 Utlendingslova

Følgjande reglar i utlendingslova viser til strafferammer:

- § 17 første ledd bokstav g (bortvising på grunn av straffbar handling)
- § 17 første ledd bokstav h (bortvising på grunn av tidlegare straff)
- § 27 b andre ledd (tiltak mot vertsfamilie pga. straffbar handling mot au pair)
- § 66 første ledd bokstav b og c (utvising av utlending utan opphaldsløyve pga. straff)
- § 67 første ledd bokstav a og b (utvising av utlending med mellombels opphaldsløyve pga. straff)
- § 68 første ledd bokstav a og b (utvising av utlending med permanent opphaldsløyve pga. straff)
- § 100 andre ledd (bruk av fingeravtrykkregister i etterforsking av straffbar handling)
- § 105 første ledd bokstav c (meldeplikt og bestemt opphaldsstad pga. straffbar handling)

2.2 Utlendingsforskrifta

Utlendingsforskrifta § 14-2 er den einaste aktuelle regelen i utlendingsforskrifta som viser til strafferammer. Den regulerer varigheit av innreiseforbod som følgje av utvising. Det går fram av tredje ledd at det som hovudregel ikkje skal påleggjast *varig* innreiseforbod dersom utlendingen har barn i Noreg som vedkomande i lengre tid har budd fast saman med eller har utøvd samvere med av eit visst omfang, og som utlendingen framleis skal bu saman med eller fort-

Vedlegg

sette samveret med. Det følgjer av fjerde ledd at det likevel kan vere aktuelt med varig innreiseforbod blant anna pga. lovbrott med visse strafferammer.

3. Departementet si vurdering

Departementet sitt utgangspunkt er at den lovteknikken som er valt – at dei relevante reglane i utlendingslova viser til strafferammer, ikkje listar opp alle lovbrott dei skal dekkje – i all hovudsak bør bestå. Dette er den lovteknisk mest hensiktsmessige løysinga, sjølv om ho inneber at visse lovbrott kan falle inn eller ut av utlendingsreglane ved at strafferammer vert endra. Dersom visse lovbrott skal vere omfatta sjølv om dei har ei strafferamme som fell utanfor regelen i utlendingslova, må regelen vise eksplisitt til det aktuelle lovbrottet i tillegg til å vise til strafferammer. Dette kompliserer regelverket, og bør ikkje gjerast med mindre det er gode grunnar for det.

Departementet vil likevel foreslå at visse lovbrott som i utgangspunktet fell ut av utlendingsregelverket pga. endra strafferammer, eksplisitt vert tekne inn i dei aktuelle reglane. Departementet understrekar at dette inneber at *dagens* rettsstilstand (dvs. før ny straffelov trer i kraft) vert oppretthalden når det gjeld den utlendingsrettslege konsekvensen av dei aktuelle lovbrotta.

Departementet vil i det vidare sjå på kva for lovbrott som fell inn eller ut av dei ulike reglane i utlendingsregelverket som følgje av endra strafferamme, og vurdere om det er behov for justeringar som følgje av dette.

3.1 Spørsmål om å fjerne terskel på tre månaders fengsel

Departementet nemner innleiingsvis at straffelova 1902 nyttar variantar av «fengsel inntil 3 månader» som strafferamme for ei rekkje lovbrott. I straffelova 2005 er denne strafferamma ikkje lenger i bruk. Strafferammene for dei aktuelle lovbrotta er redusert til bot eller heva, typisk til «bot eller fengsel inntil 6 månader».

Utlendingslova § 17 første ledd bokstav g, § 27 b andre ledd og § 66 første ledd bokstav b og c viser til lovbrott «som kan føre til fengselsstraff i meir enn tre månader», jf. punkt 3.2, 3.3 og 3.4 nedanfor. Dette kan synest lite naturleg når straffelova ikkje lenger nyttar tre månader som ein terskel. Departementet har difor vurdert om ein også i utlendingslova bør gå bort frå å bruke tre månader som ein terskel, men har kome til at dette på generelt grunnlag ikkje er hensiktsmessig på noverande tidspunkt.

Departementet viser særleg til at strafferamma «fengsel inntil tre månader» vil bestå, i alle fall inntil vidare, i ei rekkje særlover sjølv om ho ikkje lenger er brukt i straffelova. Ei endring i utlendingslova §§ 17 og 66 til for eksempel «fengselsstraff» vil såleis innebere ei utviding av kva for lovbrott som er omfatta. I tillegg vil det uansett vere naudsynt å vise eksplisitt til visse lovbrott som får strafferamma redusert til bot, jf. punkt 3.2 og 3.4 nedanfor. Departementet har difor kome til at det er hensiktsmessig å behalde den innarbeidde tremånaderterskelen i utlendingslova. Vi ber imidlertid om at høyringsinstansane særleg vurderer dette spørsmålet.

Vedlegg

Når det gjeld utlendingslova § 27 b andre ledd, foreslår departementet å gå bort frå strafferamma på tre månader og erstatte denne med «fengselsstraff». Vi viser til punkt 3.3 nedanfor og grunngjevinga der.

3.2 Bortvising

3.2.1 Utlendingslova § 17 første ledd bokstav g

Lova § 17 første ledd bokstav g slår fast at ein utlending kan bli bortvist

«når utlendingen er straffet eller er ilagt særreaksjon som nevnt i § 66 første ledd bokstav b, for mindre enn to år siden har sonet eller er ilagt straff eller særreaksjon for et forhold som nevnt i § 66 første ledd bokstav c, eller når andre omstendigheter gir grunn til å frykte at utlendingen her i riket eller i et annet Schengenland har begått eller vil begå en straffbar handling som kan føre til *fengselsstraff i mer enn tre måneder*» (vår utheving).

Følgjande lovbrota kan føre til bortvising etter utlendingslova § 17 første ledd bokstav g i dag, men *vil ikkje vere omfatta* som følgje av redusert strafferamme i straffelova 2005:

- § 323 i straffelova 2005: Mindre tjuveri (nasking). Strafferamme: Bot.
- § 326 i straffelova 2005: Mindre underslag. Strafferamme: Bot.
- § 334 i straffelova 2005: Mindre heleri. Strafferamme: Bot.
- § 339 i straffelova 2005: Mindre kvitvasking. Strafferamme: Bot.
- § 362 i straffelova 2005: Mindre dokumentfalsk. Strafferamme: Bot.
- § 373 i straffelova 2005: Mindre bedrageri. Strafferamme: Bot.

Av desse lovbrota er det særleg § 323 (nasking) departementet finn det naudsynt å behalde i utlendingslova § 17, dvs. vise eksplisitt til. Dette er ein praktisk viktig regel, som er særleg relevant i utlendingsretten blant anna fordi ein del omreisande kriminelle gjer seg skuldig i nettopp nasking. Av same grunn finn departementet det hensiktsmessig å inkludere straffelova § 334 (mindre heleri). Endeleg foreslår departementet å inkludere straffelova § 362 (mindre dokumentfalsk), som også er særskilt relevant i utlendingsrettsleg samanheng. Bruk av falsk eller uriktig identitet i samband med ulovleg opphald og arbeid er eit stort problem, og slike lovbrota bør difor danne grunnlag for bortvising.

Departementet kan ikkje sjå vektige innvendingar mot å inkludere dei nemnte lovbrota i utlendingslova § 17 første ledd bokstav g. Det er tale om ei vidareføring av gjeldande rettstilstand for særskilt relevante lovbrota. Departementet ønskjer imidlertid høyringsinstansane sitt syn på om dei ovannemnde, og eventuelt andre, lovbrota bør bli inkludert i utlendingslova § 17 første ledd bokstav g. Vi ber særskilt om ei vurdering av om utlendingslova § 17 eksplisitt bør vise til straffelova 2005 §§ 339 (mindre kvitvasking) og 373 (mindre bedrageri).

Eitt lovbrota er i dag ikkje omfatta av utlendingslova § 17 første ledd bokstav g, men vil bli det som følgje av heva strafferamme når straffelova 2005 trer i kraft. Dette er straffelova 2005 § 125, som slår fast at «[d]en som uaktsomt avslører en statshemmelighet, straffes med bot eller fengsel inntil 2 år». Etter straffelova 1902 § 90 andre ledd kan dette berre straffast med

Vedlegg

bot, og dannar såleis ikkje grunnlag for bortvising. Departementet ser ikkje behov for å gjere unntak for § 125. Lovbrotet vil såleis danne grunnlag for bortvising.

3.2.2 Utlendingslova § 17 første ledd bokstav h

Lova § 17 første ledd bokstav h slår fast at ein utlending kan bli bortvist

«når utlendingen i utlandet er straffet eller er ilagt særreaksjon for et forhold som etter norsk lov kan føre til *fengselsstraff i ti år eller mer*» (vår utheving).

Departementet har i Prop. 37 L (2014–2015) *Endringer i utlendingsloven (bortvisning på grunn av straff i utlandet)*, som er oversendt Stortinget for behandling, foreslege å endre strafferamme i denne regelen til «*fem år eller mer*». Departementet foreslår ikkje ytterlegare endringar i § 17 første ledd bokstav h. Dersom lovforslaget vert vedteke av Stortinget, inneber det ei hensiktsmessig innstramming av gjeldande rett.

3.3 Opphald i samband med arbeid eller studiar

3.3.1 Utlendingslova § 27 b andre ledd

Lova § 27 b andre ledd slår fast at Utlendingsdirektoratet kan gje karantene i inntil ti år til ein vertsfamilie, dersom ein person i vertsfamilien er

«ilagt straff eller særreaksjon for et forhold som kan føre til *fengselsstraff i mer enn tre måneder* og forholdet er begått mot den som på gjerningstidspunktet var au pair hos vedkommende» (vår utheving).

Utlendingslova § 27 b andre ledd nyttar same strafferamme – fengselsstraff i meir enn tre månader – som føresegnene nemnde i punkt 3.1 ovanfor. I punkt 3.1 kom departementet til at det generelt er hensiktsmessig ikkje å fjerne strafferamma på tre månader, sjølv om denne utgår frå ny straffelov. Når det gjeld utlendingslova § 27 b, foreslår departementet derimot å gå bort frå strafferamma «i mer enn tre måneder». Grunngevinga for dette er at tilleggsvilkåret i § 27 b andre ledd – «forholdet er begått mot den som på gjerningstidspunktet var au pair hos vedkommende» – kraftig avgrensar kva for lovbrota som er aktuelle. Denne avgrensinga gjer at praksis etter endringa i § 27 b andre ledd i realiteten vil vere den same sjølv om strafferamma på tre månader vert erstatta med «et forhold som kan føre til fengselsstraff», jf. lovforslaget.

Departementet viser til lista i punkt 3.2 over kva slags lovbrota som fell ut av straffelova 2005 som følgje av endra strafferamme. Avgrensinga i § 27 b andre ledd gjer at ingen av dei nemnte lovbrota ovanfor er særleg aktuelle i dette høvet. Heller ikkje straffelova 2005 § 125 vil vere relevant for utlendingslova § 27 b andre ledd, jf. punkt 3.2 ovanfor. Vi ber imidlertid om at høyringsinstansane særleg vurderer dette spørsmålet.

3.4 Utvising

3.4.1 Utlendingslova § 66 første ledd bokstav c

Lova § 66 første ledd bokstav c slår fast at ein utlending utan opphaldsløyve kan bli utvist

Vedlegg

«når utlendingen her i riket er ilagt straff eller særreaksjon for et forhold som kan føre til *fengselsstraff i mer enn tre måneder*, eller flere ganger i løpet av de siste tre årene er ilagt fengselsstraff» (vår utheving).

Strafferamma denne regelen viser til – fengselsstraff i meir enn tre månader – er den same som i § 17 første ledd bokstav g, jf. punkt 3.2 ovanfor, og i § 66 første ledd bokstav b. Departementet viser til lista i punkt 3.2 over kva for lovbrota som fell ut som følgje av endra strafferamme. Departementet foreslår at også utlendingslova § 66 første ledd bokstav c bør vise eksplisitt til straffelova §§ 323, 334 og 362. Grunngevinga for dette er den same som i punkt 3.2. Vi ber òg her om ei særskilt vurdering av §§ 339 (mindre kvitvasking) og 373 (mindre bedrageri). Departementet nemner at utvising generelt må reknast som eit strengare tiltak enn bortvising. Samstundes er det også her tale om ei vidareføring av gjeldande rettstilstand når det gjeld dei aktuelle lovbrota, som er særskilt relevante i utlendingsrettsleg samanheng. Vidare understrekar departementet at det uansett ikkje kan gjerast vedtak om utvising dersom det ville vere eit uforholdsmessig tiltak, jf. utlendingslova § 70. Departementet ser difor ikkje vektige innvendingar mot å inkludere dei aktuelle lovbrota i § 66 første ledd bokstav c.

Departementet ber høyringsinstansane om å kome med synspunkt på om dei foreslegne lovbrota, og eventuelt andre, bør bli inkludert i § 66 første ledd bokstav c.

3.4.2 Utlendingslova § 66 første ledd bokstav b

Strafferamma i § 66 første ledd bokstav b er den same som i blant anna § 66 første ledd bokstav c – fengselsstraff i meir enn tre månader – og den slår fast at ein utlending utan opphaldsløyve kan bli utvist

«når utlendingen for mindre enn fem år siden i utlandet har sonet eller er ilagt straff for et forhold som etter norsk lov kan føre til *fengselsstraff i mer enn tre måneder*» (vår utheving).

Departementet kan ikke sjå at det er tungtvegande grunnar til å endre § 66 første ledd bokstav b ved å leggje til dei lovbrota som blir særskilt nemnt i endringa i § 66 første ledd bokstav c, jf. punkt 3.4.1 ovanfor. Desse lovbrota er lagt til for å oppretthalde den gjeldande rettstilstanden. Det vil òg vere vanskeleg å samanlikne utanlandske lovbrota med norske lovbrota, og det er såleis betre å berre vise til ei generell strafferamme. Departementet foreslår difor ikkje endringar i § 66 første ledd bokstav b, men ber samstundes høyringsinstansane vurdere dette særskilt.

3.4.3 Utlendingslova § 67 første ledd bokstav b

Paragraf 67 første ledd bokstav b slår fast at ein utlending som har mellombels opphaldsløyve, kan bli utvist

«når utlendingen for mindre enn ett år siden her i riket har sonet eller er ilagt straff eller særreaksjon for et forhold som kan føre til *fengselsstraff i mer enn ett år*» (vår utheving).

Følgjande lovbrota kan føre til utvising etter § 67 første ledd bokstav b, men vil falle utanfor som følgje av redusert strafferamme i straffelova 2005:

Vedlegg

- § 182 første ledd i straffelova 2005: Opptøyar. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år. Etter straffelova 1902 § 136 første alternativ er strafferamma fengsel inntil 3 år.
- § 231 andre ledd i straffelova 2005: Aktlaust narkotikabrotsverk. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 234 tredje ledd i straffelova 2005: Aktlaust dopingbrotsverk. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 237 tredje ledd i straffelova 2005: Aktlaus smitteoverføring. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 262 første ledd i straffelova 2005: Brudd på ekteskapsloven (bigami). Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 263 i straffelova 2005: Trugsmål. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 305 i straffelova 2005: Seksuell krenking av barn under 16 år. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 364 i straffelova 2005: Fjerning av grensemerke. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 374 første alternativ i straffelova 2005: Grovt aktlaust bedrageri. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 380 i straffelova 2005: Grovt aktlaust skattesvik. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.

Departementet har kome til at det ikkje er naudsynt å vise særskilt til nokre av desse lovbrota i § 67 første ledd bokstav b. Dei vil altså ikkje lenger danne grunnlag for utvising etter denne regelen. Departementet viser til at ingen av lovbrota er av stor praktisk tyding eller særskilt relevans i utlendingsrettsleg samanheng, og at det difor ikkje er hensiktsmessig å gjere særskilte unntak frå systemet med å vise til strafferammer. Departementet ber imidlertid høyringsinstansane vurdere om nokre av lovbrota likevel bør bli inkludert, særskilt straffelova 2005 § 182 (opptøyar), § 231 andre ledd (aktlaust narkotikabrotsverk), § 262 første ledd (bigami), § 263 (trugsmål) og § 305 (seksuell krenking av barn under 16 år).

Visse lovbrota er i dag ikkje omfatta av utlendingslova § 67 første ledd bokstav b, men vil bli det pga. heva strafferamme i straffelova 2005. Dette gjeld straffelova 2005 § 125 (uaktsamt å avsløre statsløyndomar), § 151 (stemmekjøp m.m.), § 202 (identitetskrenking), § 204 (innbrot i datasystem), § 205 (krenking av retten til privat kommunikasjon), § 265 første ledd (særskilt vern for enkelte yrkesgrupper), § 268 første ledd (urettmessig adgang eller opphald på privat eigedom m.m.), § 365 (uriktig erklæring bestemt til bruk som bevis) og § 392 (rekneskapsbrottsverk). Departementet ser ikkje grunn til at nokre av desse ikkje skal vere omfatta av utlendingslova § 67 første ledd bokstav b. Lovbrota vil såleis danne grunnlag for utvising.

3.4.4 Utlendingslova § 67 første ledd bokstav a

Lova § 67 første ledd bokstav a slår fast at ein utlending som har mellombels opphaldsløyve, kan bli utvist

«når utlendingen for mindre enn fem år siden i utlandet har sonet eller er ilagt straff for et forhold som etter norsk lov kan føre til *fengselsstraff i mer enn tre måneder*» (vår utheving).

Vedlegg

Departementet har vurdert at det heller ikkje her er naudsynt å gjere endringar, det vil seie å nemne særskilt lovbrott i § 67 første ledd bokstav a, og viser til vurderinga i punkt 3.4.3 ovanfor og vidare til punkt 3.4.2. Vi ber om høyringsinstansane si vurdering av dette.

3.4.5 Utlendingslova § 68 første ledd bokstav b

Lova § 68 første ledd bokstav b slår fast at ein utlending som har permanent opphaldsløyve, kan bli utvist

«når utlendingen for mindre enn ett år siden her i riket har sonet eller er ilagt straff eller særreaksjon for et forhold som kan føre til *fengselsstraff i to år eller mer*» (vår utheving).

Følgjande lovbrott kan føre til utvising etter § 68 første ledd bokstav b, men vil falle utanfor som følgje av redusert strafferamme:

- § 182 første ledd i straffelova 2005: Opptøyar. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år. Etter straffelova 1902 § 136 første alternativ er strafferamma fengsel inntil 3 år.
- § 209 i straffelova 2005: Brot på teieplikt. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år (reduksjonen i strafferamma gjeld berre brott med sikte på vinning eller under særskilt skjerpande omstende, jf. straffelova 1902 § 121 andre ledd, samt brott på særskilte pålegg, jf. § 132 b. Andre brott på teieplikt får heva strafferamme).
- § 231 andre ledd i straffelova 2005: Aktlaust narkotikabrottsverk. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 234 tredje ledd i straffelova 2005: Aktlaust dopingbrottsverk. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 237 tredje ledd i straffelova 2005: Aktlaus smitteoverføring. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 263 i straffelova 2005: Trugsmål. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 305 i straffelova 2005: Seksuell krenking av barn under 16 år. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 364 i straffelova 2005: Fjerning av grensemerke. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 374 første alternativ i straffelova 2005: Grovt aktlaust bedrageri. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.

Departementet har kome til at det ikkje er naudsynt å vise særskilt til nokre av desse lovbrota i § 68 første ledd bokstav b. Dei vil altså ikkje lenger danne grunnlag for utvising etter denne regelen. Departementet viser til at ingen av lovbrota er av stor praktisk tyding eller særskilt relevans i utlendingsrettsleg samanheng, og at det difor ikkje er hensiktsmessig å gjere særskilte unntak frå systemet med å vise til strafferammer. Departementet ber imidlertid høyringsinstansane vurdere om nokre av lovbrota likevel bør bli inkludert, særskilt straffelova 2005 § 182 første ledd (opptøyar), § 231 andre ledd (aktlaust narkotikabrottsverk), § 263 (trugsmål), og § 305 (seksuell krenking av barn under 16 år).

Vedlegg

Ei rekkje lovbrota får heva strafferamme når straffelova 2005 trer i kraft, og vil dermed falle inn under utlendingslova § 68 første ledd bokstav b. Dette gjeld straffelova 2005 § 125 (aktlaust å avsløre statsløyndomar), § 151 (stemmekjøp m.m.), § 171 (tenestefeil), § 202 (identitetskrenking), § 204 (innbrot i datasystem), § 205 (krenking av rett til privat kommunikasjon), § 239 andre ledd (aktlaus almenntfarleg forgifting), § 265 første ledd (særskilt vern for visse yrkesgrupper), § 268 første ledd (urettmessig adgang eller opphald), § 365 (uriktig erklæring bestemt til bruk som bevis) og § 392 (rekneskapsbrotsverk). Departementet ser ikkje grunn til at nokre av desse ikkje skal vere omfatta av utlendingslova § 68 første ledd bokstav b. Lovbrota vil såleis danne grunnlag for utvising.

3.4.6 Utlendingslova § 68 første ledd bokstav a

Lova § 68 første ledd bokstav b slår fast at ein utlending som har permanent opphaldsløyve, kan bli utvist

«når utlendingen for mindre enn fem år siden i utlandet har sonet eller er ilagt straff for et forhold som etter norsk lov kan føre til *fengselsstraff i to år eller mer*» (vår utheving).

Departementet viser til vurderingane i punkt 3.4.2, 3.4.4 og 3.4.5 ovanfor. Høyringsinstansane kan gjerne kome med innspill på denne vurderinga.

3.5 Tvangsmiddel

3.5.1 Utlendingslova § 100 andre ledd

Lova § 100 andre ledd gjeld fingeravtrykk og fotografi som er innhenta på utlendingsrettsleg grunnlag og registrert i eit register. Av siste punktum går det fram at politiet kan bruke dette registeret

«i forbindelse med etterforskningen av en eller flere handlinger som samlet kan medføre *høyere straff enn fengsel i 6 måneder*» (vår utheving).

Så vidt departementet kan sjå, vil ingen av dei lovbrota som i dag er omfatta av § 100 andre ledd, falle ut som følgje av ny straffelov.

Ei rekkje lovbrota som i dag *ikkje* kan føre til bruk av tvangsmiddel etter § 100 andre ledd, vil imidlertid gjere det som følgje av *heva* strafferamme i straffelova 2005. Dette gjeld følgjande lovbrota:

- § 125 i straffelova 2005: Aktlaust å avsløre statsløyndomar. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil 2 år.
- § 151 i straffelova 2005: Stemmekjøp m.m. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil to år.
- § 153 i straffelova 2005: Uberettiga valdeltaking. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- 164 i straffelova 2005: Lovstridig myndighetutøving. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 168 i straffelova 2005: Brot på opphald- og kontaktforbod. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.

Vedlegg

- § 189 i straffelova 2005: Ulovleg væpning på offentleg stad. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 202 i straffelova 2005: Krenking av identitet. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil to år (skjerping for visse former for krenking av identitet).
- § 207 i straffelova 2005: Krenking av forretningsløyndom. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil to år.
- § 208 i straffelova 2005: Rettsstridig tileigning av forretningsløyndom. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 209 i straffelova 2005: Brot på teieplikt. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år
- § 211 i straffelova 2005: Brot på teieplikt for visse yrkesgrupper. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 267 i straffelova 2005: Krenking av privatlivets fred. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 352 tredje ledd første alternativ i straffelova 2005: Grovt aktaust skadeverk. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 354 i straffelova 2005: Villeing til tap av formue. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 384 i straffelova 2005: Grovt aktaust villeiande selskapsinformasjon. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil eitt år.
- § 386 i straffelova 2005: Krenking av sikkerheitsrett. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil to år.

Departementet ser ikkje grunn til å gjere unntak for nokre av desse lovbrota. Dei vil altså danne grunnlag for bruk av registeret i samband med etterforsking.

3.5.2 Utlendingslova § 105 første ledd bokstav c

Lova § 105 første ledd bokstav c slår fast at ein utlending kan påleggjast meldeplikt og bestemt opphaldsstad dersom vedkomande

«er asylsøker eller har ulovlig opphold og er ilagt straff for et straffbart forhold eller treffes på fersk gjerning ved utøvelse av et straffbart forhold, som kan føre til høyere straff enn fengsel i seks måneder».

Strafferamma er den same som i utlendingslova § 100 andre ledd, jf. punkt 3.5.1 ovanfor. Følgjeleg kan departementet ikkje sjå at nokre lovbrota fell *ut* av regelen på grunn av reduserte strafferammer. Ei rekkje lovbrota som i dag ikkje dannar grunnlag for pålegg om meldeplikt og bestemt opphaldsstad, vil imidlertid gjere det pga. heva strafferammer (jf. punktliste i punkt 3.5 ovanfor). Departementet ser ikkje grunn til å gjere unntak for nokre av desse. Lovbrota vil såleis danne grunnlag for pålegg om meldeplikt og bestemt opphaldsstad.

3.6 Utlendingsforskrifta § 14-2 – varig innreiseforbod

Paragraf 14-2 regulerer varigheit av innreiseforbod som følgje av utvising. Det går fram av tredje ledd at det som hovudregel ikkje skal påleggjast *varig* innreiseforbod dersom utlendingen har barn i Noreg som vedkomande i lengre tid har budd fast saman med eller har utøvd samvere med av eit visst omfang, og som utlendingen framleis skal bu saman med eller fort-

Vedlegg

sette samveret med. Det følgjer av fjerde ledd at mellom anna følgjande forhold kan tale for at innreiseforbodet likevel skal vere varig (våre uthevingar):

- a) utlendingen er straffet for et lovbrudd som kan føre til fengselsstraff i seks år eller mer,
- b) utlendingen er straffet for vold eller overgrep mot nære familiemedlemmer,
- c) utlendingen er domfelt gjentatte ganger for lovbrudd som kan føre til fengselsstraff i mer enn seks måneder, eller
- d) det ikke er uforholdsmessig å forutsette at familielivet kan videreføres i et annet land enn Norge.

Strafferamma i bokstav a er «fengselsstraff i seks år eller mer». Følgjande lovbrøt er omfatta i dag, men vil falle utom pga. redusert strafferamme i straffelova 2005:

- § 183 i straffelova 2005: Oppfordring til straffbar handling. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil tre år (i dag hefte eller fengsel inntil åtte år)
- § 222 i straffelova 2005: Uriktig anklage. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil tre år (i dag inntil åtte år om det er tale om uriktig anklage om eit brotsverk)
- § 237 i straffelova 2005: Smitteoverføring. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil tre år (i dag inntil seks år ved forsett)
- § 264 i straffelova 2005: Grove trugsmål. Strafferamme: Fengsel inntil tre år (i dag inntil seks år ved særskilte omstende)
- § 369 i straffelova 2005: Førebuing til pengefalsk. Strafferamme: Bot eller fengsel inntil to år (i dag inntil seks år)
- § 375 i straffelova 2005: Forsikringsbedrageri (ikkje grovt). Strafferamme: Bot eller fengsel inntil 2 år (i dag inntil seks år)

Departementet kan ikkje sjå at desse lovbrøta er så praktisk viktige eller særskilt relevante at det er grunn til å vise eksplisitt til dei.

Ei rekkje lovbrøt er ikkje omfatta av dagens regel, men vil bli inkludert som følge av heva strafferammer i straffelova 2005. Dette gjeld:

- § 157 i straffelova 2005: Motarbeiding av rettsvesenet. Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 191 i straffelova 2005: Grov ulovleg omgang med skytevåpen. Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 233 i straffelova 2005: Grovt brot på alkohollova. Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 239 første ledd i straffelova 2005: Aktlaus allmennfarleg forgifting. Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 257 i straffelova 2005: Menneskehandel (ikkje grov). Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 261 andre ledd i straffelova 2005: Grov omsorgsunndraging. Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 273 i straffelova 2005: Kroppsskade (utan følgjeskader). Strafferamme: Inntil seks års fengsel.

Vedlegg

- § 282 i straffelova 2005: Mishandling i nære relasjonar (ikkje grov). Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 284 i straffelova 2005: Kjønnsmleesting (ikkje grov). Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 294 første punktum i straffelova 2005: Grovt aktaus valdtekt. Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 312 i straffelova 2005: Seksuell omgang med slektning i nedstigande linje. Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 314 i straffelova 2005: Seksuell omgang med andre nærstående. Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 315 første ledd i straffelova 2005: Hallikverksemd og formidling av prostitusjon. Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 327 i straffelova 2005: Ran (ikkje grovt). Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 331 i straffelova 2005: Grov utpressing. Strafferamme: Inntil seks års fengsel.
- § 393 i straffelova 2005: Grovt rekneskapsbrottsverk. Strafferamme: Inntil seks års fengsel.

Departementet ser ikkje grunn til å gjere unntak for nokre av desse lovbrota. Samlege vil altså kunne tale for varig innreiseforbod i tilfelle som nemnt i utlendingsforskrifta § 14-2 tredje ledd, jf. fjerde ledd.

Forskrifta § 14-2 fjerde ledd bokstav c viser til «lovbrudd som kan føre til fengselsstraff i mer enn seks måneder». Departementet kan ikkje sjå at det finst lovbrøt som i dag er omfatta av regelen, men vil falle ut pga. endra strafferammer i straffelova 2005.

Visse lovbrøt er i dag *ikkje* omfatta av § 14-2 fjerde ledd bokstav c, men vil bli det som følgje av heva strafferammer. Dette er i hovudsak dei same som for utlendingslova § 100 andre ledd og § 105 første ledd bokstav c, jf. punkt 3.5.1 og 3.5.2 ovanfor. Departementet nemner likevel at strafferammene ikkje er identiske: Forskrifta § 14-2 viser til «fengselsstraff i mer enn seks måneder», medan reglane i lova viser til «høyere straff enn fengsel i seks måneder». Sistnemnde omfattar straffebod som har fengsel inntil seks månader *og bot* som strafferamme, det gjer ikkje forskrifta § 14-2. Departementet ser ikkje behov for at nokre av dei aktuelle lovbrota ikkje skal vere omfatta av § 14-2 fjerde ledd bokstav c, og dei kan såleis danne grunnlag for varig innreiseforbod.

Departementet foreslår etter dette ikkje endringar i utlendingsforskrifta.

3.7 Nye straffebod i straffelova 2005

Straffelova 2005 inneheld visse straffebod som ikkje svarer til gjeldande straffelov, til dømes § 144 andre ledd om angrep på internasjonalt verna person, med strafferamme inntil 15 års fengsel. Visse straffebod har også fått særskilte straffebod om grove brotsverk, til dømes § 132 om grove terrorhandlingar og § 255 om grov fridomskrening. Departementet ser ikkje grunn til at dei aktuelle straffeboda ikkje skal ha dei utlendingsrettslege konsekvensane som følgjer av generelle tilvisingar til strafferammer. Departementet ser dermed ikkje grunn til

Vedlegg

eksplisitt å inkludere eller ekskludere aktuelle straffebod frå dei aktuelle reglane i utlendingsregelverket.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovforslaget vil ikkje ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar. Utlendingsdirektoratet har heller ikkje funne behov for systemendringar som følgje av dei foreslegne endringane.

Vedlegg

5 Forslag til lovendringer

Departementet foreslår følgende endringer i utlendingslova:

§ 17 første ledd bokstav g skal lyde:

[En utlending kan bortvises]

- g) når utlendingen er straffet eller er ilagt særreaksjon som nevnt i § 66 første ledd bokstav b, for mindre enn to år siden har sonet eller er ilagt straff eller særreaksjon for et forhold som nevnt i § 66 første ledd bokstav c, eller når andre omstendigheter gir grunn til å frykte at utlendingen her i riket eller i et annet Schengenland har begått eller vil begå en straffbar handling som kan føre til fengselsstraff i mer enn tre måneder. *Tilsvarende gjelder når det er grunn til å frykte at utlendingen her i riket eller i et annet Schengenland har begått eller vil begå straffbare handlinger som nevnt i straffeloven § 323 (mindre tyveri), § 334 (mindre heleri) eller § 362 (mindre dokumentfalsk),*

§ 27 b andre ledd skal lyde:

Det samme gjelder dersom en person i vertsfamilien er ilagt straff eller særreaksjon for et forhold som kan føre til *fengselsstraff* og forholdet er begått mot den som på gjerningstidspunktet var au pair hos vedkommende. I slike tilfeller kan vedtaket gjelde for opptil ti år.

§ 66 første ledd bokstav c skal lyde:

[En utlending uten oppholdstillatelse kan utvises]

- c) når utlendingen her i riket er ilagt straff eller særreaksjon for et forhold som kan føre til fengselsstraff i mer enn tre måneder, *eller for brudd på straffeloven § 323 (mindre tyveri), § 334 (mindre heleri) eller § 362 (mindre dokumentfalsk)* eller flere ganger i løpet av de siste tre årene er ilagt fengselsstraff,